
Fra: Ivar Lofthus[il@vtm.no]
Sendt: 28.02.2025 14:04:16
Til: Postmottak Fyresdal[postmottak@fyresdal.kommune.no]
Tittel: Brannvarsling Folkestadbyen og Øyskogen

Hei,

Vest Telemark Museum kikkar på mogleghetar for å få til ei brannvarsling/overvaking av bygningane i Øyskogen.
Dette vil moglegvis bli i form av eit termisk kamera som føler både på temperatur og flammer, og også røyk.
Me lurar på om Fyresdal kommune har nokon form for brannovervaking med varsling direkte til brannvesen av Folkestadbyen pr. i dag?

Folkestadbyen er jau et område av særskild interesse for vern, og inneheld også freda bygningar.
Folkestadbyen er også med i eit høringsutkast frå Riksantikvaren som eit kulturhistorisk område av nasjonal interesse, saman med Øyskogen og kyrkja ned til vatnet, eit branntilløp her er viktig å få varsling om så fort som råd så ein har mogleghet for å begrense skadene.

Me har sett på planlegginga av dette for Øyskogen sin del, og lurar då på i den forbindelse om Fyresdal kommune er interessera i å vera med på et spleiselag der me klarer å få dekt både Øyskogen og Folkestadbyen.
Eg har ikkje nokon prisar på dette ennå, men det dreiar seg om 1-2 kamera, stolpe / mast til å montere dette i som gjev tilfredsstillande dekning av bebyggelse, ein brannsentral, straum og så kjem det også på årlege driftsutgifter av anlegget.



Med venleg helsing

Ivar Lofthus
Avdelingsleiar FDV
Tlf 35 06 90 90
Mobil 48118384

Vest-Telemark Museum
vtm.no
Hovudavdeling Eidsborg
Museumsvegen 9
3891 HØYDALSMO